

Emnenr. 80

Fylke: Møre og Romsdal

Tilleggsspørsmålnr. -

Herad: Kvernæs

Emne: Folkemedisin

Bygdelag: Averöya

Oppskr. av: L. J. Mork

Gard: Mork

(adresse): Afset

G.nr. 10 Br.nr. 8

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. **Mest eida røynsle.**

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I. Husråd og kjerringråd.

1. Det er vanskeleg å svara noko sikkert på det, men eg har inntrykk av at oppfatninga er at folk før var var meir hardføre enn i seinare tid.
2. Folk visste vel lite om smitte og rådgjerdar mot smitte. Eg har høyrt at det å tygge tobakk skulle vera ei rådgerd.
- 3.-5. At folk hadde lager av urter eller salver liggande var neppe vanleg. Derimot har eg høyrt at det var vanleg å ha brennevin blanda med komfer eller pepar ståande. Kamferbrennevin- beiskpeparbrennevin er nemt den dag idag, men er ikkje i bruk lenger.
6. Eg viser til svaret mitt på sp. i emneliste 40,29/11 1955.
7. "Tuzak" var her namnet på ein sers sterk sort lakris, som var å få i handelen for 40-50 år sidan. Den var brukt mot halssjuka, men kanskje mest som slikkeri. Kva den var laga av, veit eg ikkje.
8. Dyvelsdrekk er kjent. Den var å få kjøpt på apotek. Den vart sydd inn i ein tøyklava som vart lagt om halsen på lamma når dei vart slept på beite i fjellet om våren, for å hindre at reven tok lamma. Den sterke lukta skulle halda reven borte, trudde dei. Anna bruk av dyvelsdrekk har eg ikkje høyt om.
- 9.10. Eg veit ikkje om at folk til vanleg samla inn og gjøymte på slike ting, unntatt slike som meir eller mindre dei som kvaksalvarar. Det einaste eg kan hugse er at i min barndom vart delvis plukka einerber som vi barna selde til apoteka.
11. Dyvelsdrekk var å få kjøpt på apoteka, likeså einerberolje (brukt til fykting av omslag mot hevelser) og eit dyremedisin som het Roks Hestekur (mot sår serleg på hest).
12. Sjå det opplyste i mit svar på sp. i emneliste 43, 27/2 1954. Elles kan eg opplyse at eg hugsar at

- omfarande kramkarar selde giktringar.
- 13. Det har eg ikkje høyrte noko om.
- 14. I nokre gamle almanakker etter min far og bestefar synes eg hugse at det var nokre lækjarråder. Dei vart levert inn til bygdemuseet før ei tid sidan, så eg kan ikkje seia noko meir om dette.
- 15. Her veit eg ikkje meir å opplyse.

II. Bygdelækjarar.

- 16 - 28. Her syner eg til svar på emne nr. 76, 3/5 1960, der dei fleste sp. er svara på. Eg kan berre leggja til: Det var neppe nokon som hadde lækjing til yrke, kanskje unnateke Maria Björshol. Elles sto dei til te neste når nokon ba om hjelp. Kva dei tok for hjelpa, veit eg ikkje noko sers om. Det var i dei fleste tilfeller svært lite, helst ikkje noko. Dei hadde nok ikkje noko samarbeid med distrikslækjaren, men vart heller ikkje dregne før retten, etter det eg har høyrte.

Lækjeråd og lækjekurar.

- 29 - 34. Her veit eg ikkje noko å opplyse.
- 35 - 36. At vaten frå helsekjeldar vart bruka her har eg ikkje høyrte.
- 37. Eg veit om eit tilfelle der det var sagt at lækjaren tilrådde ein tuberkulös å bruke brennevin.
- 38. Eg kjenner eit par tilfeller der kvaksalvarar var sers kjent for medisiner og råd mot eksem, men ingen her i distriktet. Dei brukte enten salver eller bøyking. Ein mann frå Öre driv noko med dette enno og har mange, etter det eg har høyrte, mange kunder.
- 39-40. Ein mann i nabokommunen Kornstad dreiv noko med tanntrekking før 60/70 år sidan. Han hadde tenger til å det bruk. Korleis han hadde fått tak i desse, veit eg ikkje.
- 41. Nei.
- 42-43. Årelating og koppin var mykje brukt. Mor^{der} var jordmor (død 1902) dreiv og mykje, serleg med kopping. Utstyr: ei serleg maskin med ei meind knivar som alle slo ut samtidig (fjerutslag) og skar tett i tett med ~~blår~~ i ei flate ca 3 X 3 cm. I ein glasskopp vart lufta vermt opp ved at ho tennte en lapp papir ~~xxx~~ fukta i parafin og la brennande i koppen, som straks vart sett over såret. Når lufta i koppen kjøltes vart koppen sugd fast og sugde blodet ut. Koppen måtte skiftast ofte, da sugeevnen opphørte straks lufta kjøltes. Det var fleire forutan mor som dreiv med kopping. Dei slo hull med ein såkalt bile^{*)} (eit blad), og som kopp brukte dei enden av eit kuhorn, der dei sugde lufta ut med munnen.

- 44. Iglar var og brukt, Dei vart kjøpt på apoteket.
- 45. At nokon deiv med blodstemming her har eg ikkje høyrte.

*) også Kalla fuppuk.

46. Sjå svar på emne nr. 76.

47-48. Det veit eg ikkje noko om.

c. Lækjarböcker.

49-50. Det veit eg ikkje noko om.

51-53. Eg trur ikkje nokon "bygdedokter" kunne lesa framande språk og eg veit ikkje om slike böcker fins her.

Afset det 1. august 1960.

Hølsing:

L. J. Mork.